

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

22.12.2022

- ✓ **Historisk samling med alle rekrutteringstiltaka i NRK**
- ✓ **Ny nettside for NRK Nynorsk mediesenter**
- ✓ **Snart flyttar mediesenteret inn i Nynorskhuset**
- ✓ **Fire praktikantar fekk fast jobb i NRK og TV 2**

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 185 praktikantar. Frå dei ti siste kulla er 46 prosent av praktikantane i arbeid i NRK. 26 prosent jobbar i andre medium. 12 prosent jobbar med informasjon, språk og reklame.

Innhold

Leiaren oppsummerer hausten 2022.....	2
Mykje arbeid med Nynorskhuset.....	3
Jobbar med nasjonal konferanse.....	4
Mediesenteret har fått ny nettside.....	4
Alle tre tiltaka samla for første gong.....	5
Etter sju år fekk Josef fast jobb.....	6
Ingrid fekk fast jobb i Nordland.....	7
To Elias-ar har fått fast jobb i TV 2.....	8
Sølv blir politisk redaktør og nynorskpioner i BA.....	9
Oddgeir Sæle inn i gullrekkja til NRK.....	10
Arian blir programleiar for MGP.....	11
Blir den sjetten praktikanten i TV 2.....	12
Ingvild ny frontsjef i Bergens Tidende.....	12
Kull 37: To i praksis på DK – tre til Marienlyst.....	13
Kull 38: Dette er praktikantane på kull 38.....	14
Kvar blir nynorskpraktikantane av?.....	15

Leiaren oppsummerer hausten 2022

Som denne statusrapporten viser, er det mykje som skjer og travle tider på NRK Nynorsk mediesenter. Men det er eit godt teikn, og det lovar godt for framtida.

I løpet av 2022 fekk fem tidlegare praktikantar seg fast jobb i NRK. To av desse signerte avtalane sine i haust. Det kunne gjerne ha vore fleire, ikkje minst med tanke på nynorskprosenten i NRK. For det beste verkemiddelet til å auke nynorskdelen i redaksjonane er framleis å tilsette nynorskbrukande journalistar.

Vi ser at tidlegare praktikantar får seg jobb i andre mediehus, og det er kjekt at mediesenteret kan bidra til meir nynorsk også utanfor NRK. Det er ein del av oppdraget vårt. Til dømes har seks tidlegare praktikantar no arbeidet sitt i TV 2.

Heldigvis har vi framleis stabile søkjartal. Til kull 37 og 38 hadde vi høvesvis 31 og 38 søkjarar. Det er likevel ikkje meir enn det må vere. Og vi er spente på korleis det blir å lyse ut praktikantstillingane den dagen mediesenteret ikkje lenger har egne sider på sosiale medium. I løpet av 2023 blir sidene på Facebook, Instagram og LinkedIn lagde ned, som så mange andre some-kontoar i NRK. Derfor er vi i gang med å tenkje alternativ. Det er viktig at vi saman med resten av NRK står fram som ein attraktiv arbeidsplass, og det må vi klare å formidle på nye måtar.

Om eit halvt år skal vi vere på plass i det splitter nye Nynorskhuset, og med det kjem nye moglegheiter til å utvikle oss. Vi trur at mediesenteret kan bli endå meir attraktivt i moderne lokale, og dessutan ein kjekkare stad å vere, når vi får eit tettare hopehav med Nynorsk avissenter. Draumen er eit yrande og kreativt praktikantmiljø. Og det ser vi fram til!

Inntil då blir våren 2023 eit spennande halvår. Det er mykje som skal skje. Allereie i januar kjem det nye praktikantar inn dørene. Dei utgjer det siste kullet som får opplæringa si på det etterkvart legendariske «loftet» i NRK i Førde.

Rune Fossum Lillesvangstu, Førde 30. desember 2022

Mykje arbeid med Nynorskhuset

Vi er i rute! Arbeidet med Nynorskhuset og førebuingane til innflytting går som det skal. Hausten 2023 blir kull 39 dei første praktikantane i nye lokale.

Prosessane går som dei skal, og i juni 2023 skal NRK Vestland ha dei første radiosendingane frå det nye Nynorskhuset midt i Førde sentrum. Med på flyttelasset er også NRK Nynorsk mediesenter, som frå hausten 2023 skal vere lokalisert vegg i vegg med Nynorsk avissenter – éin etasje under redaksjonen til NRK Vestland.

Hausten 2022 har såleis medført mykje arbeid knytt til utforming av dei nye lokala. Det har vore planlegging av teknisk utstyr, stolar og pultar, anna inventar - og ikkje minst optimalisering av arbeidsforholda for praktikantar og tilsette.

– Det er veldig mange detaljar som skal på plass, og det er ikkje alltid lett å sjå føre seg alle moglege scenario i framtida. Men det er eit utfordrande og spennande arbeid. Dei fysiske rammene er viktige for at opplæringa av nynorskpraktikantar skal bli så god som mogleg, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu.



PÅ SYNFARING I AUGUST: Redaksjonssjefane Terje Gilleshammer (t.v.) og Linda Olin Reite, regionredaktør Rune Møklebust og leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter

Jobbar med nasjonal konferanse

Det blir ein nasjonal språkkonferanse i samband med opninga av Nynorskhuset i Førde. Målet er å ta ein nasjonal posisjon for Nynorskhuset.

– Når vi no får eit slikt språk- og formidlingssentrum på plass, må vi nytte høvet til å markere oss skikkeleg frå dag éin. Det gjer vi med ein språkkonferanse, som vi håpar å kunne arrangere årleg. På den måten skal Nynorskhuset og aktørane ta ein nasjonal posisjon, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter.

Bak Nynorskhuset står NRK, mediehuset Firda og Teater Vestland. Og det er desse aktørane som i samarbeid skal arrangere konferansen. I arrangementsutvalet sit Margunn Selvik Grytten (teateret), Ingunn Osland og Kjell Ove Nordeide (Nynorsk avissenter) og Rune Fossum Lillesvangstu (NRK Nynorsk mediesenter)

Den offisielle opninga av Nynorskhuset skjer torsdag 28. september, og språkkonferansen er planlagt dagen etter.

Mediesenteret har fått ny nettside


I november lanserte mediesenteret nye nettsider.

Dei nye nettsidene er no å finne på nrk.no, og dei har fått oppjustert utsjånaden til eit meir moderne preg.

Det har i fleire år vore eit ønske å gjere desse grepa, men på grunn av pandemien vart det utsett. No framstår sidene langt meir moderne, og innhaldet rettar seg i større grad mot aktuelle søkjarar.

Den nye adresse er info.nrk.no/nynorskmediesenter. Samstundes er den gamle url-en intakt, slik at også dei som skriv nynorskmediesenter.no i adressefeltet kjem til dei oppdaterte sidene.

NRK Nynorsk mediesenter



Alle tre tiltaka samla for første gong

Møte med kringkastingsjefen, Nytt på Nytt og andre NRK-stjerner var berre nokre av høgdepunkta då NRK for første gong samla alle praktikantane frå NRKs tre talentprogram til ei felles fagleg samling på Marientlyst i Oslo.



NYTT PÅ NYTT: Dei tre rekrutteringstiltaka samla i studio etter innspeling av Nytt på nytt.

I midten av oktober var praktikantane frå NRK Nynorsk mediesenter, NRK fleire og samisk talentprogram samla for første gong. På programmet var det fagleg innhald om alt frå sosiale medium, redaksjonelt arbeid med Debatten, NRK Nyhende si dekking av krigen av Ukraina, orientering om podkast og mykje meir.

Dei tre leiarane av talentprogramma ville samle dyktige talent, faglege ressursar og gode folk i NRK på éin stad. Målet var å dra nytte av felles fagleg innhald.

– I tillegg håpar vi å bidra til sjølvtilitt, som kan bidra til at NRK lykkast med oppdraget sitt, seier leiar for NRK FleRe-programmet, Iram Ansari.

Leiarane trur slike fellessamlingar kjem til å styrke både samarbeid og innhald på tvers i hele NRK. Leiar for NRK Nynorsk mediesenter, Rune Fossum Lillesvangstu, seier dei alle har eit ønske om at talentprogramma samarbeider mest mogleg.

– Vi kan hauste erfaringar og lære av kvarandre. Det er veldig kjekt både for praktikantane og for oss leiarar å møte kvarandre, seier Lillesvangstu.



LEIARANE SAMLA: Rune Fossum Lillesvangstu (t.v.), kringkastingsjef Vibeke Først Haugem, Mona Solbakk (samisk talentprogram) og Iram Ansari (NRK FleRe)

Etter sju år fekk Josef fast jobb

– Det har vore ein del krumspring og flytting, men eg har alltid vore viss på at det er i NRK eg vil vere, seier Josef Benoni Ness Tveit.



Askvollingen var praktikant i 2016, og sidan har han både jobba og studert fleire ulike stadar. Nyleg fekk han fast jobb i NRK i Ålesund.

– Det er både kjekt og spennande å ha landa i ei fast stilling. Det er kjekt å vite at eg skal ha dei same kollegaene framover. Og det er spennande å vite at det ikkje blir ei ny jobbendring om eit års tid – det er jo noko nytt for meg, seier han.

Etter praktikanttida var Josef Benoni Ness Tveit vikar i NRK Nordland i Bodø. Dei neste fire åra tok han to bachelorar, éin i historie og éin i sosiologi. Samstundes jobba han på si for lokalavisa, og kvar sommar hadde han sommarjobb for NRK Nordland.

Deretter gjekk vegen til NRK Rogaland, der han fekk vikariat frå sommaren 2021. Berre eit år seinare fekk han lyst til å prøve noko nytt. Vegen gjekk så til Ålesund, der han fekk nok eit vikariat i NRK. No har han altså fått fast jobb.

– Mediesenteret var og er ein hestekur. Det er ein snarveg som kan vere litt trong, men som er verdt det for å kome inn i NRK-familien, seier Tveit.

Han har følgjande råd til andre praktikantar på jobb jakt:

– Sei ja til alle sjansar du får til å gjere ulike oppgåver på alle plattformer. Eg har og god erfaring med det å flytte på seg. Det er så mykje å hente på det å jobbe ulike stadar med ulike kollegaer, sakskompleks og fylke, seier Josef Benoni Ness Tveit..

Ingrid fekk fast jobb i Nordland

Ingrid Gulbrandsen Årdal var både letta og stolt då ho hadde signert avtalen om fast jobb i NRK Nordland – etter berre fire månadar som vikar.



– Då eg fekk vite det gjekk smilet mitt nesten trill rundt. Eg hadde ikkje trudd dette skulle skje så raskt, seier Årdal om den faste journaliststillinga.

Ho rosar redaksjonen i Bodø for mykje humor og høg kompetanse, noko som bidreg til at ho trivst godt i jobben. Då ho starta som nynorskpraktikant på kull 36, hadde ho med seg erfaring frå studentradioen i Bergen, eit sommarvikariat i lokalavisa Firda og ho hadde også arbeidd med innhaldsproduksjon på fleire flater for Universitetet i Bergen. No ser ho fram til å formidle gode, viktige og artige saker frå Nordland til eit større publikum.

Distriktsredaktør i NRK Nordland, Vibeke Madsen, er kjempefornøgd med å ha Ingrid på laget.

– Ho er ein dyktig og allsidig journalist, som bidreg med godt innhald på alle plattformer. Det er også veldig positivt for oss at vi har journalistar som har nynorsk som hovudmål. Det gjer at vi leverer betre på nynorskandelen.

To (!) Elias-ar har fått fast jobb i TV 2

Først fekk Elias Engevik fast jobb som TV 2-fotograf. Så følgde Elias Håvarstein opp med fast jobb som TV 2 sin mann i Stavanger.



TO I TV 2: Elias Håvarstein (t.v.) og Elias Engevik har fått faste jobbar i TV 2.

– Det er draumejobben. Eg har dekt alt frå store Champions League-kampar, krig i Ukraina, situasjonen i Qatar til deling av Kinn kommune og årets epleavlingar. Ingen dag er lik, og det er ein så meningsfylt jobb å ha, seier Elias Engevik.

Han gjekk på kull 21, hausten 2014. Så var han journalist i sjøforsvaret, før han tok utdanning i TV-teknikk ved Høgskulen på Lillehammer og var tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland. Han var vikar i TV 2 før han vart tilsett som fotojournalist.

Elias Håvarstein var praktikant på kull 31. Han hadde praksis i NRK Rogaland, der han og var inne som vikar. Frå januar 2021 har han hatt ulike roller i Stavanger Aftenblad, før han i oktober vart tilsett som TV 2 sin reporter i Stavanger.

– Det er litt av eit ansvar å vere den einaste reporteren TV 2 har på Sørvestlandet, seier han. Rogalendingen kjem til å bruke nynorsk i kanalen.

– Eg står fritt til å skrive nynorsk når eg vil, og eg blir oppmoda om å gjere det i eigne saker. Utfordringa er når fleire samarbeidet om ei sak. Men hovudintrykket mitt er at nynorsken har gode kår i TV 2, seier Håvarstein.

Sølvé blir politisk redaktør i BA – og den første som får bruke nynorsk

Sølvé Rydland har fått tommel opp for å skrive nynorsk i bokmålsavisa BA.



Stillinga som politisk redaktør i Bergensavisen (BA) er nyoppretta, og Rydland skal byrje i jobben på nyåret. Då kjem han frå jobben som ansvarleg redaktør og dagleg leiar i lokalavisa Nordhordland, ei stilling han har hatt sidan sommaren 2021.

Tilsettinga markerer eit skille for den tradisjonelle bokmålsavisa, som med Rydland samstundes opnar for nynorsk på redaksjonell plass. Påtroppande ansvarleg redaktør i BA, Guro Valland, meiner valet er naturleg.

– BA ønskjer å tiltrekke seg de flinkaste folka, og vi ønskte at Sølvé skulle bli ny politisk redaktør. Han skriv på nynorsk, og det er heilt naturleg at han held fram med det hos BA. Eg ville ikkje risikere å miste flinke folk på grunn av noko sånt, seier hun til Medier24.

Rydland var nynorskpraktikant på kull 3, heilt tilbake i 2005. Han har sidan markert seg som reporter og redaksjonssjef i NRK Vestland.

– Eg har brukt nynorsk i heile mitt journalistiske virke, og eg har hatt det som arbeidsspråk kvar eineste dag i 17 år. For meg er det viktig å kunne skrive på nynorsk, og eg blir ein betre journalist av det, seier Rydland til Medier24.

Vann fagdagpris i NRK

Fagdagprisen for Årets grønne løft i NRK gjekk til «Norges Tøffeste» ved prosjektleiarane **Solveig Hareide** og Tone Iversen saman med produksjonsleiar Ketil Flatøy. Hareide var nynorskpraktikant på kull 2 i 2005. «Norges Tøffeste» har utvikla og styrt etter ti grønne bod, og prosjektet involverte så mange som mogleg for å nå måla sine. Gjenbruk av materialar, kostyme og scenografi går som ein raud tråd gjennom heile produksjonen, heiter i grunngjevinga frå juryen.

Oddgeir Sæle inn i gullrekkja til NRK

– Dette må vere den kjekkaste meldinga ein kan få i NRK, seier Oddgeir Sæle som på nyåret tek over programleiarjobben i Norge Rundt.



Sunnmøringen startar i jobben i februar 2023, og blir på skjermen frå mars til juni. Han ser fram til nye utfordringar innan journalistikken. Han er utdanna elektrikar, og arbeidde som dette i ti år før han byrja som nynorskpraktikant våren 2021 (kull 34). Han hadde praksis i NRK Vestland ved kontoret i Førde, og har sidan halde fram som vikar der.

Når Sæle helsar god fredag til stover i heile landet, blir han den fjerde tidlegare nynorskpraktikanten som gjer det. Først ut var Samina Bruket (kull 9), som leia programmet i november 2009 til februar 2010. Martin Torstveit (kull 24) kunne du sjå som programleiar i januar 2020 til juni 2020. Medan Hilde Zahl (kull 13) tok sjåarane med på rundtur i landet frå november 2020 til februar 2021.

Vann Prix Radio x 2 med nyhendemorgon

Nyhendemorgon på NRK P2 vann i oktober kategoriane «Årets hendingsdekking» og «Årets nyhende-, sports eller aktualitetsprogram under Prix Radio Norge.

Blant dei mange i redaksjonen var **Marte Halsør** (kull 17) og **Katrine Nybø** (kull 16). Nyhendemorgon fekk prisane for jobben med angrepet på Ukraina.

Arian vart overraska på direkten – blir programleiar for Grand Prix

Arian Engebø og Stian «Staysman» Thorbjørnsen er neste års programleiarar for Melodi Grand Prix.



– Eg er ekstremt overraska, seier Arianrhod Engebø.

På direktesendt radio i programmet «Studio P3» vart ho overraska av Stian «Staysman» Thorbjørnsen. Artisten kunne melde at ho skal vere programleiar for Melodi Grand Prix saman med han neste år.

– Eg kjenner på glede og overtenning, og så klart litt redsel. Vi skal lage TV for ekstremt mange menneske, og MGP er noko mange har eit sterkt forhold til, sa Engebø.

«Arian» var nynorskpraktikant på kull 27 i 2017, og dei siste åra har ho blitt ei kjend NRK-stemme. Saman med Nate Kuhunga leiar ho radioprogrammet «StudioP3». I sommar var dei også programleiarar for VG Lista topp 20.

Blir den sjette x-praktikanten i TV 2

Jon Bolstad går frå NRK Vestland til innanriksredaksjonen i TV 2 i Bergen.

Den tidlegare praktikanten har over ti års erfaring frå NRK i Bergen, der han har vore journalist, hatt ansvar for nettpublisering og vore kveldsvaktsjef.

Jon Bolstad blir den sjette reporteren med bakgrunn frå NRK Nynorsk mediesenter i TV 2. Frå før er desse i kanalen: Siri Kleiven Strøm (skal slutte og bli kommunikasjonsrådgjevar ved UiB), Elias Engevik, Trine Svanholm Misje, Elias Håvarstein og Oda Flaten Lødemel.



Ingvild ny frontsjef i Bergens Tidende

Ingvild Nave er tilsett som ny frontsjef i Vestlandets største avis.



Ingvild Nave (kull 14) kjem frå stillinga som politisk journalist i BT, og ho har tidlegare vore med på podkast-satsinga i mediehuset. Ho skal no vere med på å bygge breakingkulturen i mediehuset vidare, skriv avisa i ei pressemelding.

To i praksis på DK – tre til Marienlyst

Medan kull 36 var eit reint «DK-kull», skal tre av praktikantane på kull 37 ha ekstern praksis i ulike NRK-redaksjonar på Marienlyst.



– Vi har fått til ein god og spennande kabal for kull 37. Her blir det gode praksisplassar både på distriktskontor og Marienlyst. Redaksjonane kan glede seg til dei kjem, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter.

Praksisperioden for kull 37 er frå 2. januar og ut februar. Her er praktikantane (framanfrå på biletet) og praksisredaksjonane deira:

- Solveig Oddvarsdotter Myren – NRK Supernytt
- Berit Helle Jonsbråten – NRK Direkte
- Sander Eide Aase – NRK Vestland
- Sunniva Skurtveit – NRK Trøndelag
- Ingrid Nedrebø – NRK Kultur

– Det er viktig at praktikantane frå mediesenteret bidrar med mest mogleg nynorsk i NRK, og det gjer dei best i redaksjonar med stor nyhendeproduksjon. Ambisjonen vår er samstundes at praktikantane skal komme til redaksjonar der dei får utvikle seg og bli aktuelle for vidare arbeid i NRK. Eg håpar og trur at vi har klart å finne denne balansen også denne gongen, seier Lillesvangstu.

Kull 37 var i oktober ferdige med den første fasen av opplæringa. Sidan då har dei vore i praksis på nyhendedesken i NRK Vestland i Førde.

Dette er praktikantane på kull 38



Hedda Kurseth (fødd 2000), frå Sykkylven i Møre og Romsdal

Hedda Kurseth har ein bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, og ho har studert TV-produksjon same stad. I studietida har ho vore aktiv i både studentavisa Studvest og studentradioen i Bergen. Sist sommar var ho tilsett i avisa Nyss, som dekkjer Sykkylven og Stranda. Sunnmøringen har drøymt om å bli journalist sidan ho gjekk på ungdomsskulen. Ho har heile vegen vore oppteken av å produsere innhaldet på nynorsk, som er ein stor del av identiteten hennar.

Synne Sandven (fødd 1995), frå Sykkylven i Møre og Romsdal

Synne Sandven har ein bachelorgrad i midtaustenstudiar og arabisk frå Universitetet i Oslo, og i samband med det var ho på utvekslingsopphald i Kairo. Ho har studert marknadsføring og salsleing, og har mykje erfaring frå arbeid på kafear og barar i Oslo. Dei to siste åra har ho også arbeidd som direktetekstar, og her har ho teksta tv-program på direkten, lest korrektur og førehandsteksta program, i Biovisjon og NRK. Ho gler seg til å få nynorsk som arbeidsspråk.

Annvor Seim Vestrheim (fødd 1995), frå Voss i Vestland

Annvor Seim Vestrheim leverte i haust ei masteroppgåve om incels, menn som lever i ufrivillig sølibat. Med det avslutta ho eit seks år langt opphald i Canada, med studiar i statsvitskap ved Quebec Universitetet i Montreal. Ho har også ein bachelorgrad i fransk frå Universitetet i Bergen, og i studietida var ho engasjert i studentradioen. Frå 2021 har ho arbeidd som konsulent i helse- og miljøavdelinga i Oslo. Mobbing av nynorsk er éin av få ting som kan provosere vossingen.

Oda Bjonnes Hanslien (fødd 2000), frå Tananger i Rogaland

Oda Bjonnes Hanslien har ein bachelorgrad i journalistikk frå Universitetet i Stavanger. Gjennom studia har ho hatt praksis i avisa Ryfylke, der ho fekk nytte nynorsk. Ho har også hatt praksis i Stavanger Aftenblad, og i tillegg vore sommarvikar og vikar i ulike redaksjonar i same avis. Ho saknar å arbeide i eit nynorsk miljø, og er oppteken av å fortelje historiene til dei som ikkje skrik høgast.

Ingrid Turtum (fødd 1996), frå Vågå i Innlandet

Ingrid Turtum går frå lærarjobb i Oslo-skulen til NRK Nynorsk mediesenter. I tillegg til lærarutdanning frå NTNU har ho også studert statsvitskap same stad. Ho har vore engasjert i målungdomen, Røde Kors og vore leksehjelp i Flyktinghjelpen. Ho har også ein periode bak seg i Vågå kommunestyre for Arbeiderpartiet. Ho vil vere med og løfte fram nynorsk og dialekt i media, og håpar praktikanttida kan bli eit springbrett inn i journalistikken.

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Ved utgangen av 2022 har vi lært opp 185 nynorskpraktikantar. Vi har slutta å føre oversikt over alle, men skal til ei kvar tid ha kontroll på dei siste ti kulla – med andre ord dei 50 siste praktikantane. Blant desse har no 23 tidlegare praktikantar jobb i NRK, tre av dei er i TV 2 og ti tidlegare praktikantar har arbeid i andre mediehus. I tillegg er det seks tidlegare praktikantar i språk- og informasjonsbransjane.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Det er tidlegare praktikantar som er utanrikskorrespondentar i Berlin og Nairobi. Vidare er det tidlegare praktikantar ved NRK-kontora i Alta, Bodø, Trondheim, Ålesund, Førde, Bergen, Stavanger, Porsgrunn, Oslo Viken og Lillehammer.

Det er også journalistar herifrå som er nyhendeanker og reporterar i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avisa Nordhordland, redaktør i avisa Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Drammens Tidende, Telemarksavisa og Stavanger Aftenblad.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla:

Kull 36: 3. januar – 30. juni 2022



Oda Flaten Lødemel (1993) er vikar i TV 2, **Kristina Kassab Liland** (1997) er tilkallingsvikar i NRK Kultur, **Ingeborg Grindheim Slinde** (1995) er fast tilsett som reporter i NRK Vestland, **Ingrid Gulbrandsen Årdal** (1996) er fast tilsett som reporter i NRK Nordland og **Kasper Valestrand** (1990) er på jobbakt.

Kull 35: 17. august – 17. desember 2021



Erlend Skorpetveit Aga (1996) er fast tilsett som videojournalist i TV Bra, **Ingeborg Undheim** (1998), er vikar i NRK Direkte, **Adan Hassan Tassamma** (1994) er vikar i deskredaksjonen i NRK Nyhende, **Maria Gunnarsdotter Svedal** (1994) er tilkallingsvikar i NRK Vestland og **Bjørne Østrem Djukastein** (1995) er vikar i NRK sin innanriksredaksjon på Marienlyst.

Kull 34: 4. januar – 30. juni 2021



Åshild Slåen (1995) har ei prosjektstilling i framtida.no, **Martha Linnea Pukallus** (1999) er frilansfotograf og -journalist, **Synne Sørenes** (1994) er vikar i NRK Vestland i Bergen, **Ingeborg Kløve-Graue** (1994) er konsulent i Helse Bergen og **Oddgeir Sæle** (1991) er vikar i NRK Vestland i Førde.

Kull 33: 19. august 2020 – 28. februar 2021



Lidvard Sandven (1996) er vikar i NRK Vestland, **Eirin Tjoflot** (1994) er fast tilsett i NRK Direkte, **Seline Larsen** (1998) er kommunikasjonsrådgjevar i Måløy Vekst, **Linn Haug Eide** (1994) er doktorgradsstipendiat og **Per-Ivar Kvalsvik** (1993) er kommunikasjonsrådgjevar i Nairobi for DDFinance AS.

Kull 32: 6. januar – 30. juni 2020.



Sjur Mikael Dolve (1999) er tilkallingsvikar i NRK Vestland i Bergen og studerer journalistikk ved Universitetet. **Astrid-Amalie Heldal** (fødd 1999) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo. **Trine Svanholm Misje** (1993) er fast tilsett i TV 2 og **Emily Louisa Millan Eide** (1993) er frilansar og dokumentarist. **Guro Brattespe Lahus** (1993) er vikar i Opptur-redaksjonen til NRK i Bergen.

FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008. Held til på Marienlyst i Oslo. Leiar: Iram Ansari

Samisk talentprogram – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Sàpmi sidan 2020. Leiar: Mona Solbakk

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka:

Med NRK FleRe og Samisk talentprogram har vi felles fagdagar i Oslo. Med Nynorsk avissenter samarbeider vi om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Vi har dessutan sams søknadsfrist, og kandidatar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå.